

Høyringspart	Type	Innhald	Kommentarar Statnett
Petter Refsdal	Grunneigar	Skeptisk til at Statnett ønsker å bygge på dyrka mark. Ønsker stasjonsalternativ 2 og meiner Statnett har forkasta dette på feil grunnlag	Viser til kommentar i svarbrev. Reknar med det er alt. B grunneigaren ønsker som stasjonsalternativ.
Statens vegvesen	Offentleg	Ønsker å vite meir om punkttiltaket på vegen i Vetleøyri	Punkttiltak i kryss på RV13 – Elvegata omfattar kortvarig demontering av hindringar i innersving for å mogleggjere transport av transformator. Aktuelle hindringar er stabbesteinar, kjetting, rampe og skilt på østsida av innkøringa mot Elvegata.
Sylvringen AS v/Lars Kristen Hansen	Privat verksemd	Gjeld trafikkavvikling i anleggsperioden tilknytt guida turar til museumskraftverket. Ønsker dialog med byggeleder i anleggsperioden.	Viser til kommentar i svarbrev.
Kristin Jordalen	Grunneigar	Høyringssvar er unntatt offentlegheit. Gjeld ønske om omlegging av leidning ved Øvregardane.	Viser til kommentar i svarbrev. Sjå også kommentarar lenger ned i tabellen.
Jonathan Jordalen	Grunneigar og gardbrukar	Driver gard der leidningen er planlagt og påpeker driftsulemper knytt til dyrka mark og beite. Er også skeptisk til at det er ustabil fjell i området der mastene skal byggjast og at dette kan skade bygg på garden. Ligg på Stedje.	Viser til kommentar i svarbrev. En av de nye 420 kV-mastene er planlagt på Jordalen sin eigedom I NIBIOs markslagskart er det aktuelle arealet markert som innmarksbeite. Plassering av mastene for ein eventuell 132 kV-leidning er ikkje planlagt. Det er alltid nokre driftsulemper tilknytt master på jordbruksareal, men komplisert og lite ønskeleg å flytte traseen lenger nord. Det er lite sannsynleg at plassering av master ca. 350 meter unna bygga på garden skal skade bygga eller føre til større sannsynlegheit for ras som skader bygga. Viser til Asplan Viaks skredfarevurdering for eigedommen.
Rune Lunde og Preben Lunde	Grunneigarar	Frykter driftsulemper ved skogsdrift på eigedommen, og at det ikkje blir mogleg å frakte ned tømmer med taubane. Har kome	Viser til kommentar i svarbrev og i kommentarar til Vik kommunes høyringssvar.

Høyringspart	Type	Innhald	Kommentarar Statnett
		med forslag som er diskutert med fleire i Statnett. Ønsker leidning lenger nord mellom Åfet og Ramnaberget.	Ang. bruk av taubane under leidninger er ikkje dette alltid utelukka. Dette er avhengig av plassering av taubanen og avstander opp til linene.
Jofrid Helleland	Grunneigar	Ønsker ikkje leidning i nærheit av hytta (eigedom 22/5) og beiteområde. Meiner leidningen må leggjast på motsett side av dalen der det ikkje er busetnad.	Traseens senterlinje går ca. 150 m frå og 80 m høgere enn hytten. Master i beite gir lite ulemper etter anleggsperioden da mastefundamentene ikkje tar mykje areal. På motsett side av dalen er det stor rasfare og ikkje ønskeleg å bygge kraftleidning.
Gunvor Refsdal	Privat	Meiner Ovrisdalen blir rasert med ein ny leidning. Ønsker leidning frå Storesvingen til Storehaug. Oppe ved RV13 der Målsetleidningen kommer opp. Heilt ny trase, som vil bli ca. 3 km lengre.	Viser til kommentar i svarbrev.
Christian Refsdal	Grunneigar	Ønsker at BM8 flyttast da den ligg midt i eit dyrkingsområde. Ønsker også at kommunal veg rundt Øvregardane utbetrast da den vil få mykje trafikk. Og brua i Orvedal ønskes utbetra.	Viser til kommentar i svarbrev. NIBIOs markslagskart viser at masta er plassert i eit lauvskogsområde. Kan det være mast 9 høyringsparten peiker på? Dette mastepunktet ligg i utkanten av eit fulldyrka areal. Ved flytting av masta som høyringsparten foreslår må den bli ca. 5 m høgare. Kjem da i konflikt med eit generelt ønske om å ha minst mogleg synlege mastar frå fleire høyringspartar. Det vil uansett bli oppretta dialog med høyringsparten i samband med detaljprosjektering og utarbeiding av detaljplanen.
Anette Refsdal og Tor Feidje	Grunneigarar/privat	Same kommentarar som Christian Refsdal	Viser til kommentar i svarbrev.
Ivar Eilev Refsdal (1)	Grunneigar /privat	Ønsker å flytte veg ved eigedom for å unngå skade på bustad og tomt.	Det har vore mykje dialog med Refsdal om saken som påpeikast. Med omsyn til dyrka mark, samt lause masser på nedsida av vegen med ca. 10 meter djupne ned til dårleg berg, er det vald at vegen utvidast på oppsida med tørrmur mot Øvregardane 546.

Høyringspart	Type	Innhald	Kommentarar Statnett
			Med opptil 5 m høg mur vil "toppflate" ved huset bli omtrent tilsvarande som i dag. Avstand frå hushjørne til murkant blir omtrent svarande som til dagens skråningsfront (5-6 meter). Plassering septiktank og spreiegrøft er usikker. Det foreslås å vurdere dette på stedet ved graving. Dersom konflikt vil det gjerast tiltak. Det har allereie vore dialog med grunneigar omkring løysingane rundt eigedommen og dialogen vil fortsette.
Ivar Eilev Refsdal (2)	Grunneigar /privat	Ønsker å ha trafostasjon utanfor dyrka mark. Foreslår fjellhall	Viser til kommentar i svarbrev.
Ivar Eilev Refsdal (3)	Grunneigar /privat	Felles høyringssvar på vegne av 11 bebuarar i Refsdal. Handlar om Sygnirs leidning, men også at leidningane (420 og 132 kV) vert flytt lengst mogleg opp i lia. Ønsker fjerning av 300 kV og meiner Statnett, Sygnir og Statkraft må gå saman for å finne ein beste løysing for leidningane.	Viser til kommentar i svarbrev.
Ivar Eilev Refsdal (4)	Grunneigar /privat	Same som (3) frå same grunneigar.	Viser til kommentar i svarbrev.
Ørjan Harbakk og Solrun Skogheim	Grunneigarar og gardbrukarar	Ønsker å flytte leidningen sørover der den går forbi gardane for å unngå konsekvensar for jordbruk. Gjeld garden Smidjane i Feios.	Viser til kommentar i svarbrev ang. mogleg justering av trase sørover. Mastene er plassert utanfor det som ser ut som dyrka mark og leidningen vil gå heilt i utkanten av dyrka mark og utmarksbeite. Veit ikkje kor høyringsparten har sitt kartgrunnlag frå, men traseen som vises på kartet som er vedlagt som skal vise omsøkt trase ligg nærare huset enn det som er reelt. Avstanden som er teikna opp i vedlagt kart er ca. 120 meter i søknadskartet. Frå boligen til senter leidningstrase er det 145 meter.

Høyringspart	Type	Innhald	Kommentarar Statnett
			Statnett ønsker ikkje å flytte traseen opp i området som høyringsparten viser, da dette vil auke risikoen for ras. Plassering av lunneplass vil bli drøfta med grunneigar i samband med utarbeiding av detaljplanen.
Ivar Eilev Refsdal (5)	Grunneigar /privat	Peiker på feil i matjordplan frå Sweco, på arealet han er grunneigar, og der det er framstilt som industriareal i arealdelen og tilrettelagt for deponering av steinmassar. Foreslår alternativ omkøyning på Klyv, på motsett side av Fosse (vestsida av dalen).	Viser til kommentar i svarbrev. Feil gards- og bruksnummer i matjordplan Dalastølane 2 er notert. Det er teke jordprøver i dette området som viser jorddjupne for det meste over 50 cm og av god kvalitet. Området er vurdert som produktivt og verdifullt.
Egil Ove Helleland	Grunneigar og gardbrukar	Peiker på prosjektets konsekvensar for matproduksjon, og meiner det blir trangt mellom mastepunktane 4 og 6. Ønsker omlegging av desse. Gjeld garden Undi.	Ønsker alternativ G som går parallelt med eksisterande 300 kV og som ikkje er søkt på. Trasealternativ G vil medføre at traseen må gjennom eit krevjande område ved avgreininga på eks. 300 kV leidning. Her er det vurdert at det må nytte master med trekantoppheng. Kabling er ikkje aktuelt iht. gjeldene policy for når kabel nytta på 420 kV spenningsnivå. Det er ikkje planlagt vesentleg større eller høgare master for mast 4 og 6 sjølv om spennet er langt. Grunnen til at spennet er så langt (650 m) er at terrenget er gunstig og tillét å spenne lenger enn vanlig med normale mastehøgder (350-450 m). Mast 6 er plassert i eit skil mellom to jordar for å redusere ulemper for landbruksdrift. Endeleg plassering av mast kan diskuteras med grunneigar. Erstatning av ulemper vurderes som del av eit konkret skjønn/minneleg avtale.
Dæhlin Sand advokatfirma på vegne av Petter Refsdal	Grunneigar	Argumenterer for å bygge trafostasjon etter annet alternativ pga. jordvern. Er ueinig i konklusjonane i konsekvensutgreiinga.	Viser til kommentar i svarbrev. Se også kommentarar til annan høyringssvar frå same grunneigar øvst i dette dokumentet.

Høyringspart	Type	Innhald	Kommentarar Statnett
			Alternativ B vil også beslaglegge potensielle jordbruksareal. Det kan også nemnes her at det er planlagt anna infrastruktur knytt til Refsdal kraftverk som installasjonar mellom Statnett og Sygnir sine stasjoner ville ha kome i konflikt med. Det er derfor ikkje ønskeleg å flytte stasjonen vestover. Konsekvensutgreiinga som er lagt ved søknaden er utarbeidd av uavhengige rådgjevarar med relevant fagkompetanse.
Jorunn Orvedal og Atle Bjarne Aase	Grunneigar	Meiner veg mellom Orvedal bru og vegkryss mot Øvregardane må vert utvida mot vest for å spare fulldyrka jord. Ønsker natursteinsmur langs vegen der vegen skal vert utvida på deira eigedom. Gjeld fleire eigedommar - krysset ved Rislågvegen og ein eigedom lenger øst i retning Ovrisdalen bru.	For å redusere beslag av dyrka mark er vegen frå Ovrisdalen bru til Øvregardane, med nokre få unntak, planlagt utvida mot vest. På nokre korte strekningar det planlagt å utvide mot øst bl.a. for å unngå konflikt med bygningar. Vegen er planlagt med fylling og utgraving i bratte skråningar. Natursteinsmur blir nytta hovudsakleg til støttemurar. Enkelte natursteinsmur vil ha murkroner i betong for innfesting av rekkverk. Det kan bli brukt sprøytebetong og armering ifm. jordnagling, dette vil gi ei sprøytebetongoverflate. Statnett vil ha dialog med grunneigar om tiltaka på vegen forbi eigedommane.
Anne-Britt Helleland	Grunneigar	Sterkt imot val av trase. Meiner leidningen vil skape unødvendig store natur- og landskapsinngrep, og bli sterkt skjemmande i silhuett. Meiner også stasjonen må byggjast slik at det ikkje blir støy. Er grunneigar på Undi.	Viser til kommentar i svarbrev. Stasjonen er plassert med god avstand (ca. 700 meter) til næraste busetnad. Transformatorene plasseres i betongceller med 11 meter høge vegger som vil skjerme for støy. Det er ca. 1,5 km i luftlinje opp til Undi, og det vil knapt være mogleg å høyre støy frå transformatorane ved ein slik avstand.

Høyringspart	Type	Innhald	Kommentarar Statnett
Vik skogeigarlag v/Jan Olav Aafedt	Privat organisasjon	Påpeker at det er store skogressursar i Vik, og at prosjektet vil gå utover moglegheit for å ta ut skog i framtida. Spesielt tilknytt moglegheit for bruk av taubane. Viser til ein rapport om skogressursane i Feios. Ønsker at traseen endrast i Åfetdalen i Feios.	Viser til kommentar i svarbrev. Det kan vurderast om det er mogleg å nytte taubane etter at ny leidning er bygd. Korvidt dette er mogleg, må vurderast frå stad til stad ut frå avstandskrav. Dersom traseen ikkje blir justert forbi Åfetdalen vil tapet kompenseras for den enkelte skogeigar.
Jan Olav Aafedt	Grunneigar	Påpeker at eit ryddebelte på 50-60 meter vil påvirke skogbruk, friluftsliv og landskap. Ønsker ikkje leidning over vatn ved Dagshovden. Ønsker at leidningen justerast sørover som etter alt. D1 forbi Åfet/Feios. Stiller spørsmål ved om alt. D1 er utgreia til same nivå som omsøkt alternativ og om alternativa kan samanliknast. Har lagt ved eit kart med ein alternativ trasé.	Viser til kommentar i svarbrev. Dersom traseen skal leggjast lenger sør må det gjerast ei vurdering av rasfare. Fleire høyringspartar beskriv ønske om å samle inngrep. Innspelet vil spreie infrastruktur. Gjeld meir urørte områder. I konsekvensutgreiinga er det ikkje skildra spesielle friluftslivsinteresser knytt til fiskevatnet ved Dagshovden, men Statnett forstår at dette er viktig for mange. Ein justering kan unngå at vatnet blir påverka.
Yngve Aafedt	Privat	Same tekst som Jan Olav Aafedt.	Viser til kommentar i svarbrev.
Erling Olai Aafedt	Privat	Same tekst som Jan Olav Aafedt.	Viser til kommentar i svarbrev.
Björg Aafedt	Privat	Same tekst som Jan Olav Aafedt.	Viser til kommentar i svarbrev.
Asgeir Refsdal og Maria Lødemel Bøe	Grunneigarar	Ønsker 132 kV parallelt med Statnetts 420 kV. Er bekymra for asfaltert område ved Svingen der vegen tar av opp til Øvregardane. Ønsker at så lite dyrka mark som mogleg tas ved eigedom 21/2. Er bekymra for stans på vegen når denne skal utbetrast og at dette skal gå ut over landbruksdrifta. Ønsker veg på motsett side av elva frå Øyri til Orvedal. Har eigedom inne ved stasjonen og foreslår eit deponialternativ ved Fodnastøl, vest for omsøkt trafostasjon, som grunneigar i så fall kunne ha dyrka opp i ettertid.	Viser til kommentar i svarbrev. Tiltaka i svingen i Refsdal vil ikkje være til hinder for bruk og oppstilling av maskiner. Det flate asfalterte arealet vil bli omtrent som i dag. Ang. deponi ved Fodnastøl ligg dette i eit relativt urørt naturområde som er vanskeleg tilgjengeleg pga. manglande vegforbindelse. Bygging av veg til deponi på Fodnastøl ville medført uttak av ytterlegare masser som måtte lagrast.

Høyringspart	Type	Innhald	Kommentarar Statnett
		I supplerande høyringssvar 22. januar ønsker Refsdal at stasjonen plasserast så langt inn i dalen som mogleg, og at arealet som frigjevast når Statkraft river deler av sitt anlegg kan nyttas. Grunneigar i Refsdal.	Frå driftsbygning 21/2 og ca. 150 meter innover dalen er vegen planlagt utvida på nedsida. Bakgrunnen for dette er svore bratt skråning på oppsida som fører med seg høg risiko ved anleggsverksemd. Statnett vil ha dialog med grunneigar om tiltaka på vegen forbi eigedom 21/2.
Raudt Vestland har sendt to høyringssvar med same innhald	Organisasjon	Ber NVE avvise at Sygnir skal ta over 300 kV. Hevder at grendene i Vik aldri blir dei same gode å bu i dersom NVE ikkje avviser konsesjonssøknadane.	Viser til kommentar i svarbrev.
Dag Henning Hove, på vegne av seg selv og Anne Marie Hove, Ole Bernhard Hove, Atle Michael Hove, Bente Hove Stundal, Sigurd Hove, Terje Hove	Grunneigarar og private	Same tekst som Jan Olav Aafedt.	Viser til kommentar i svarbrev.
Halvor Flatland	Privat	Ønsker flytting av leidningen sørover forbi vatn ved Dagshovden Ønsker at Sygnir bygger ny 132 kV-leidning.	Viser til kommentar i svarbrev.
Turid Haga Vange	Grunneigar	Er bekymra for at vegutbedring skal hindre transport av gjødsel, for og dyr. Har også hjortejaktterreng i området, og åtkomst til området er viktig.	Viser til kommentar i svarbrev.
Jan Stundal og Bente Hove Stundal	Grunneigarar	Same tekst som Jan Olav Aafedt.	Viser til kommentar i svarbrev.
Fredrik Green Høyum	Privat	Same tekst som Halvor Flatland.	Viser til kommentar i svarbrev.
Hove samdrift v/Frode Voll	Privat samanslutning	Påpeker at det er viktig av vegen er open heile tiden pga. samdrift. Det står ikkje kva for del av vegen som er mest viktig, men antar det er vegen frå Øyri og innover Ovrisdalen.	Viser til kommentar i svarbrev.
Statsforvalteren i Vestland	Offentleg instans	Peker på at planlagt leidning går gjennom viktige naturtypar og funksjonsområder for trua arter.	Viser til kommentar i svarbrev.

Høyringspart	Type	Innhald	Kommentarar Statnett
		At utbygginga skjer skånsamt med minst mogleg varige naturinngrep og at det gjerast avbøtande tiltak for å redusere konsekvensane. Dvs. avgrensa hogst der det er mogleg og tiltak i anleggsfasen med tanke på sårbare arter. Forventar at det i matjordplan leggjast opp til ein større tjukne på matjordlaget, frå minimumstjukne på 50 cm til opp mot 80-100 cm for A og B-sjikt. Peiker på at konsekvensane av alt. B i Åfetdalen/Feios bør revurderast av omsyn til skogbruk. Meiner konsekvensane for skogbruk er undervurdert i KU. Har berekna kostnader i form av samfunnsnytte av skogen i det råka området for å vise kor viktig skogen i dette området er. Det er også peikt på at skogen har verdi i klimaregnskapet.	Det er lagt vekt på å samle inngrep ved å legge ny leidning i same korridor som eksisterande leidning på lange strekningar. Fleire stader der leidningane går over viktige naturtypar vil det være mogleg å la skogen stå igjen i traseen. Det vil bli tatt omsyn til villrein og sårbare fuglearter i anleggsperioden. Det må gjerast supplerande kartlegging av fugl frem mot oppstart for å kunne vurdere tiltak. Ang. matjordplan vil Statnett sjå på moglegheit for å auke tjukna på A og B-sjiktet.
Wenche Varpe	Privat	Same tekst som Jan Olav Aafedt.	Viser til kommentar i svarbrev.
Arnstein Grindedal	Grunneigar	Same tekst som Jan Olav Aafedt.	Viser til kommentar i svarbrev.
Feios bygdalag v/Gjertrud Samland	Organisasjon	Ønsker ikkje leidning over eit vatn ved Dagshovden. Ønsker at Sygnir byggjer i konsesjonsgitt 132 kV-trase også øst for Hove.	Viser til kommentar i svarbrev.
Per Smidje	Privat	Same tekst som Jan Olav Aafedt.	Viser til kommentar i svarbrev.
Johan Varpe	Privat	Same tekst som Halvor Flatland.	Viser til kommentar i svarbrev.
Kenneth Helleland	Privat	Same tekst som Jan Olav Aafedt.	Viser til kommentar i svarbrev.
Kurt Martin Helleland	Privat	Same tekst som Jan Olav Aafedt.	Viser til kommentar i svarbrev.
Vik kommune Politisk vedtak ettersendt 17.2.	Offentleg	Kommunen har sendt inn ein administrativ høyringssvar 7. januar og ein politisk høyringssvar vedtatt av kommunestyret 12. februar 2026. Det er ulike konklusjonar og dei politiske høyringssvara er lagt til grunn for kommentarane.	Viser til kommentar i svarbrev for fleire av påpekte tema. Flytting av trase ved Breidalsvatnet nordover vil medføre kryssing av eks. 300 kV leidning. Det må

Høyringspart	Type	Innhald	Kommentarar Statnett
		Kommunen ønsker justering av trase ved Breidalsvatnet nordover mot kanten av plataet av omsyn til villrein. Og skogsdrift blir mindre påverka. Påpeker at skogsdrift i området Åfetdalen ikkje er omtalt i KU. Ønske leidningen lengre sør av omsyn til skogsdrift. Ønsker justering der leidningen går over regulert massedeponi på Hesjasletta. Ønsker at leidning vert flytta lenger nord og i Ovrisdalen av omsyn til skogbruk og at mastene holdes lave pga. silhuetteeffekten. Meiner NVE bør krevje plassering av stasjon som ikkje fører til omdisponering av dyrka mark. Åtkomst til vassverket må sikrast døgnet rundt. Ønsker minst mogleg nedbygging av dyrka mark ved vegutvidingar, og at det blir gode ordningar for å passere arbeida. Vik kommune ønsker vilkår om at bruløysingane i Ovrisdalen og Seljadalen gjerast permanent. Vik kommune krevjar at den kommunale vegen på vestsida av dalen over Klyv /Ovrisherget utbetrast, slik at den kan nyttast til omkøyning når fylkesvegen skal utbetrast.	byggast ei høg mast for å krysse over og det blir utfordringar med påkopling i masta mot Ramnaberget. Det er eit mål at eksisterande leidning må være i drift så mykje som mogleg. Å flytte leidningen nordover ved Breidalsvatnet kan være betre for villrein, men det er uvisst korleis andre interesser vil råkast, då det er lite kunnskap om området. Leidningen vil gå ca. 90 m over det påpekte massedeponi/kompostlager. Det vil bli eit byggeforbudsbelte på ca. 40 m bredde under leidningen.
Vestland fylkeskommune (administrativt vedtak) Politisk vedtak kom i februar.	Regional myndighet	Fylkeskommunen har sendt inn ein administrativ høyringssvar frå hovedutvalg for næring 28. januar 2026 og eit politisk høyringssvar vedtatt av fylkesutvalet 18. februar 2026. Det er like konklusjonar i vedtaka. Peiker på at utgreiingsplikta etter kulturminnelova må oppfylles før ferdigstilling av detaljplan. Og at forholdet til automatisk freda kulturminne må avklarast før oppstart. Ber om avbøtande tiltak for kulturmiljø, landskap, friluftsliv, vannmiljø, fugl, skog og jordbruk. Det må bli henta inn løyve frå vegmyndighetene (fylkeskommunen).	Viser til kommentar i svarbrev. Utgreiingsplikta etter kulturminnelova er i ferd med å oppfylles då Vestland fylkeskommune er i gang med arkeologiske utgreiingar. Det vil bli gjort avbøtande tiltak for å redusere konsekvensane for de tema som påpekast. Dette vil komme frem av detaljplanen. Det vil bli henta inn løyve etter veglova når søknaden om anleggskonsesjon er ferdig behandla.

Høyringspart	Type	Innhald	Kommentarar Statnett
Innbyggjarforslag, sendt med kommunens høyringssvar	Privat (150 underskrifter)	Ønsker ikkje at Sygnir skal ta over Statnetts 300 kV	Viser til kommentar i svarbrev.
Kjell Arne Jensen	Privat	Same tekst og innhald som Jan Olav Aafedt	
Christian Hillmann	Privat	Meiner det er ekstremt viktig at ny 420 kV følger dagens 300 kV-trase. Meiner ny trase lenger nord vil påverke urørt skog på kalkrik grunn med høgt naturmangfald. Meiner samla inngrep ikkje må bli større, og at 300 kV må rivast når ny 420 kV er bygd.	Viser til kommentar i svarbrev ang. 300 kV. Konsekvensutgreiinga beskriver naturverdiane der ny 420 kV kraftleidning er planlagt øst for Hove, men kunnskapsgrunnlaget i området er dårleg utanfor leidningstraseen. Det vil vurderes moglegheiter for å bevare skog under leidningen, og høgare master der dei kryssar dei viktige naturtypene Midlandsgrovi og Vetleteigane, som blir mest berørde. Leidning er eit delvis midlertidig tiltak, og begrensa hogst er mogleg der skogen er låg.
Fortidsminneforeininga i Sogn og Fjordane	Organisasjon	Meiner kulturmiljøet rundt Hove stavkyrkje vil kunne påverkast av ombygging ved Hove trafostasjon. Ønsker gode tiltak for gåande og syklande i anleggsperioden, avgrensing av støy og informasjonstiltak før og under anleggsarbeidet. Alternativ som reduserer visuell og fysisk påverknad må prioriterast. Ønsker samordning av inngrep, og visuelle og landskapsmessige tiltak for å redusere konsekvensane.	Dei aller fleste av Statnett sine planlagde tiltak vil liggje sør for, og eit godt stykke unna Hove steinkyrkje, men anleggsaktivitetane rundt Hove transformatorstasjon og leidningsomlegging over dalen vil ein kunne høyre og sjå frå kyrkja. Det er lagt vekt på å samordne inngrep mest mogleg. Alternativ anleggsveg via Klyv/Ovrisberget, som er ønska oppgradert og tatt i bruk til anleggstrafikk av fleire, går rett forbi Hove steinkyrkje. Dersom det blir eit krav at denne vegen skal tas i bruk vil forstyrringane rundt kulturminnet auke.
Ole Føli	Privat og grunneigar	Ønsker ikkje at Sygnir skal ta over 300 kV. Ønsker ikkje merkepliktige spenn over dalen.	Viser til kommentar i svarbrev. Statnetts nye leidning vil få enkelte spenn som må merkes. Dette betyr at mastene på hver side av spennene må merkast med raud og kvit maling og det blir ballongar på linene. Luftfartsmerking er regulert i ein eigen forskrift der det er angjeve kva for lengder og høgder som utløyser merkeplikt. På

Høyringspart	Type	Innhald	Kommentarar Statnett
			spennet over dalen ved Hove vil spennet krevje luftfartsmerking, og dette vil være synleg frå Viksøyri og fleire andre steder innover dalen.
Harald Stadheim	Privat	Foreslår alternative løysingar for leidning mellom Dagshovden og hoveddalføret dersom 300 kV skal tas over av Sygnir. Ønsker ny 132 kV mellom Hove og Refsdal i eksisterande 66 kV leidningstrase.	Viser til kommentar i svarbrev. Forslagene om endringar i fjellsida aust for Hove er primært knytt til Sygnir sine planer. Dersom Sygnir får løyve til å ta over 300 kV-leidningen og desse løysingane vurderast nærare, må Statnett bli trekt inn for å kunne vurdere tilpassing av den nye 420 kV-leidningen.
Linja AS	Netteigar	Linja støtter dei framlagte søknadene.	
Høringshøyringssvarr Unntatt offentlighet			
Leif Eikeland	Grunneigar	Gjeld eigedommane 156-1 og 157-3. Stølshus blir råka, og har ein taubane ved Ramnaberg som ikkje må skades. Er også bekymra for jakt og forstyrring. Klager på dårleg informasjon og at han ikkje har fått svar på e-post.	Gjeld ikkje denne søknaden. Gjeld leidningen Sogndal-Hove, som er under bygging. Eigedommane som er omtala og taubanen ligg under Vik-spennet. Statnett har formidla høyringssvaret til rette vedkomande i Statnett slik at Eikeland blir kontakta.
Kristin Jordalen	Privat	Gjeld eigdommen til broren, Jonathan Jordalen, som driv gard ved Øvregardane. Ønsker justering av leidning bort frå gardsbruk. Er skeptisk til stabilitet/rasfare på grunn av bygging av master, og at leidningen/mastene skal påverke gardsdrifta.	Viser til kommentar i svarbrev og til kommentarar gitt til Jonathan Jordalens høyringssvar. Statnett har ikkje planlagt mastepunkt i områdene som er skredutsette ifølge rapporten som er utarbeidd for eigdommen. Mastepunkt er plassert i utmarksbeite utanfor fulldyrka jordbruksareal.
Sygnir	Netteigar	Ønsker optimalisering av 420 kV mellom Hove og Refsdal. Ønsker vurdering av om leidningsalt. 1B tas opp igjen, da det innebær at heile 300 kV-leidningen kan gjenbrukes. Presiserer at Sygnir ønsker å ta over hele Hove trafostasjon.	Viser til kommentar i svarbrev.

Høyringspart	Type	Innhald	Kommentarar Statnett
		Ønsker omsøkt plassering av Vik transformatorstasjon og påpeker at ein ev. flytting også vil innebære at Sygnirs del av anlegget må flyttast. Sygnirs stasjon er allereie konsesjonsgitt. Ber NVE vurdere om Statnetts valde løysinga er den samfunnsmessig mest rasjonelle. Sygnir stiller spørsmål ved om deira kundar skal ta kostnaden ved nettforsterkning i transmisjonsnettet, som skjer som ein følgje av vekst i kraftforbruket i Bergensområdet. Viser til tidlegare innsendt klage til Energidepartementet der det fastsette grensesnittet mellom transmisjons- og regionalnettet. Sygnir meiner Statnett må påleggjast å koste 132 kV-leidning mellom Refsdal og Hove, alternativt gi eit anleggsbidrag til Sygnir for ekstrakostnadene.	